

Sortsvalg i artar av urter for produksjon av te og krydder

Gunhild Børtnes Planteforsk Apelsvoll forskingssenter avd. Kise

E-post: gunhild.bortnes@planteforsk.no

Sammendrag

Artikkelen er skrevet som bakgrunn for innlegg på Nordisk konferanse om produksjon, foredling og salg av urter, Hamar, 23.-24. aug. 2004

På grunn av aukande interesse for bruk og dyrking av te, krydder og aromatiske planter har vi arbeid med å finna sortar som kan dyrkast med godt resultat under våre dyrkingstilhøve.

Dei fleste felta har lege på Planteforsk Kise i Hedmark (60°N,10'Ø), men vi har og hatt felt med einskilde artar frå Planteforsk Landvik i sør (58°N,8'Ø), til Planteforsk Svanvik i nord (69°N,30'Ø). Tal døgngader (>5°C) på Planteforsk Kise er i middel 1122°, og på Planteforsk Landvik 1442°. Felta har vi hatt i forsøksringar og hjå dyrkarar kring om i landet.

Tabellen syner at 22 ulike artar er prøvd ut. I desse åra prøvde ein hovudsakeleg navnesortar frå utanlandske frøfirma. Det meste av frøet kom frå firma i Tyskland, Canada og USA. Problemet har vore å skaffa sortar med navn, dei fleste frøfirma oppgir berre arten, og det er då uråd å få einsarta materiale frå år til år.

Økologisk frøproduksjon

Frå 2004 er det krav om at artane i økologisk urtedyrking skal vera dyrka frå økologisk godkjent frømateriale. Nokre få av dei navnesortane vi har prøvd, og som vi har tilrådd til dyrking, kan utanlandske firma skaffa som økologiske frø. Men for dei fleste artane finst det ikkje navnesortar med økologisk godkjent frø.

Det er derfor sett i gong eit arbeid der vi har valgt ut ein del artar for å finna ut om vi kan dyrka frø av desse under norske tilhøve. Artane vi arbeider med er sitronmelisse, kryddertimian, kryddersalvie, glattbladpersille, dill, sar og bergmynte.

Gjennomføring av sortsprøvingane

Plantane har vore dyrka på senger med plastdekke. Med nokre unntak har vi nytta ruter på 4,5 m² med tre gjentak med 16 planter per m². Gjødslinga har tilsvara 10 kg nitrogen per dekar.

Vi har registrert vekst, tørrstoffavling, prosent eterisk olje og komponentane i olja. Dei fleste av sortene har vore testa sensorisk for lukt, smak og farge. For fleirårige artar har overlevings-evna vore registrert.

Konklusjon

Veksttilhøva varierar mykje mellom ulike regionar i Norge, men for nokre av dei viktigste artane har vi ut frå prøvingane kome med ein del tilrådingar på sortar.

Kryddersalvie: `Ekstrakta`
Sitronmelisse: `Citronella`
 `Quedlinburger Niderligende`
Kryddertimian: `English Thyme`
 `German Winter`
Sar: `Aromata` og `Saturn`
Koriander: `Jantar` og `Santo`

Tabell 1. Arter og sorter (antal) prøvd i åra 1998-2003

Art	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Kryddertimian <i>Thymus vulgaris</i>	2	2	3	4	7	7
Sitrontimian <i>Thymus x citriodorus</i>						1
Appelsintimian <i>Thymus x citriodorus</i> <i>Fragrantissimus</i>						1
Kryddersalvie <i>Salvia officinalis</i>	1	2	2	2	3	4
Sar <i>Satureja hortensis</i>	4	2	4	4	2	1
Sitronmelisse <i>Melissa officinalis</i>	3	5	3	4	3	3
Merian <i>Oregano majorana</i>		3	3	4	4	3
Tyrkermynte <i>Dracocephalum moldavica</i>				2	3	
Etasjebloomst <i>Monarda didyma</i>				2	2	1
Rosmarin <i>Rosmarinus officinalis</i>					1	
Estragon <i>Artemisia dracuncululus</i>					1	2
Basilikum <i>Ocimum basilicum</i>				8	9	4
Kamille <i>Matricaria chamomilla</i>	1		2	2	2	
Bergmynte <i>Oreganum vulgare</i>	6	5	6		3	
Isop <i>Hyssopus officinalis</i>	5	3	5	5		3
Lavendel <i>Lavendula angustifolia</i>				1		4
Koriander <i>Coriandrum sativum</i>		3	3	3	4	
Anis <i>Pimpinella anisum</i>			1	2		
Fennikel <i>Foeniculum vulgare</i>			2	2		
Apotekerkattost <i>Malva silvestris</i>				2		
Anisisop <i>Agastrache foeniculum</i>			3	2		3
Dill <i>Anethum graveolens</i>				3		

Ansvarlig redaktør:
Forskningsdirektør Arne Stensvand

Fagredaktør denne utgaven:
Forskningsleder Steinar Dragland